



Sund Sokneblad

Nr. 3
8. juni 2022
Årg. 91

Konfirmasjonar i Sund



I mai måned var det 5 konfirmasjonsgudstenester i Sund. 1. mai var det to gudstenester i Sund kyrkje. Biletet her er henta frå den andre gudstenesta denne dagen. Konfirmantane er komne ut og står oppstilte, klare for fotografering. Helga etter var det 3 konfirmasjonsgudstenester i Kausland kyrkje. Bilete av dei 5 konfirmantgruppene inni bladet.

side 4-7

Påskevandring

Palmesøndag var det Påskevandring i Kausland kyrkje. Dermed blei det ei litt anna gudsteneste denne søndagen der Palmesøndag, Skjærtorsdag, Langfredag og Påskedag alle blir omtalte og markerte i løpet av gudstenesta.

side 8

Vårmarknad

Fredag 22. april vart det laga til Vårmarknad i Kyrkjelyds-huset på Kausland. Mange fine gevinstar hadde nemnda fått inn, og med to åresal og ein god del loddbooker var det etter kvart mange som fekk ein fin gevinst med seg heim.

side 10

Føremiddagstreff

Sidan førre Sokneblad kom ut har det vore heile tre føremiddagstreff. Alvhild Vassel Eide snakka om første misjonæren frå Fjell, Torbjørn Fjøren snakka om det kristne fellesskapet, og Bjørn Sæle fortalte om livet til Per Sivle.

side 7 og 11

Dag sluttar

Dag Reidmar Pettersen gir seg som kyrkjelydspedagog i Sund. Han har jobba i kyrkjelyden i Sund dei siste 11 åra, men no flyttar han og familien mot sør. Han skal bli ungdomspastor i ei forsamling i Sandnes.

side 3

Pastoralt perspektiv

Tid for åndelig fordypning i kirken?

Med Konstantin den store (306 e.Kr.) skjedde det betydelige forandringer i kirkens liv. Fra å være en forfulgt kirke som levde i den sosiale randsonen med en sterk forventning til at Jesus skulle komme igjen og opprette Guds rike, ble den anerkjent og fikk etter hvert privilegier. Det førte til store forandringer i kirken. Den ble mindre fremtidsrettet, mindre eskatologisk orientert og mer innrettet mot livet her og nå, mot det å bygge Guds rike i denne verden. Ved denne forandringen mistet den noe av sitt «åndelige driv». Den forfulgte minoritetskirken ble til en folkekirke med store skarer til gudstjeneste der mange hadde liten dybdeforståelse av den kristne tros innhold. «Verden» var blitt «kristen». Hvordan skulle en nå si «verden farvel» og realisere Kristi etterfølgelse?

Svaret kom gjennom **Ørkenfedrene** og **Munkebevegelsen**. Ørkenfedrene var kristne asketer som søkte bort fra verden (og kirken) ut i ørkenen. Denne bevegelsen begynte før Konstantins tid og var motivert av flere årsaker, den viktigste kanskje å kjempe en kamp på kirkens vegne mot djevelen og hans åndehær i en radikal etterfølgelse av Kristus. Det lå også et bekymringsmotiv i denne bevegelsen; et kirke kritisk motiv der den så forfallstendenser i kirken og ville, ved sine bønner og offer, motvirke dette forfall.

Etter hvert viste det seg at denne bevegelsen, som ble en bevegelse tilbake til det kristne livs røtter, skulle komme til å bli en kraftig bevegelse i kirkens liv og en kilde til vedvarende fornyelse og vitalisering av kirken i mange hundre år. Begge disse bevegelsene var vitale i kirkens misjonsoppdrag og her i Norge har klostrerne hatt stor betydning for å bringe Evangeliet inn i vårt folk.

Men kirken må alltid reformeres, sa Luther. Den trenger alltid å vende tilbake til sitt åndelige rotsystem og forsterke kontakten med sine åndelige kilder; Ordet, bønner, sakramentene og gudstjenesten.

Også i nyere tid har vi hatt vekkelses- og fornyelsesbevegelser som har maktet å virke til fornyelse og nytt liv i kirkene. Dette har skjedd også i kirker som ikke har hatt klosterbevegelser. I forrige århundre har vekkelsene i Korea, Kina og Etiopia vært sterke eksempler på dette. Kanskje vekkelsene i Kina er det mest slående eksempel, der kirken gikk fra å være en truet minoritet på rundt 1 mill kristne i 1948 til å stå fram som en stor samling av fornyede og sterke kirker som etter store forfølgelser gjennom mange ti-år nå teller i overkant av 100 mill. Fremdeles er utfordringene for de kristne i Kina vis à vis staten store, uten at det ser ut til å begrense den sterke kirkeveksten. Men i disse 3 nevnte landene så tillegger de kristne denne sterke veksten de kristnes nød og trang etter selv å søke inn i fornyelse gjennom mye bønn, bibellesning og etterfølgelse. Prester, ledere og lekfolk i alle disse landene bruker, ikke minst, mye tid i bønn. Mange kirker i disse landene gjør også en betydelig innsats innenfor misjon og evangelisering.

Framhald neste side

Velkommen til gudsteneste

- 12. juni – Treeiningsøndagen – Luk 24,45–48**
 TYSSØY kl. 11.00 Friluftsgudsteneste v/Egil Reindal.
 Takkoffer: Kirkens bymisjon
- 19. juni – 2. søndag i treeiningstida – Joh 3,1–13**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Egil Reindal. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen
- 26. juni – 3. søndag i treeiningstida – Mark 10,13–16**
 SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
 Takkoffer: ?
- 03. juli – 4. søndag i treeiningstida – Matt 9,35–38**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Jan Tommy Fosse. Takkoffer: ?
- 10. juli – 5. søndag i treeiningstida – Matt 18,12–18**
 SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Knut Kaldestad.
 Takkoffer: ?
- 17. juli – Aposteldagen – Mark 3,13–19**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/vikarprest Erlend Fauskanger. Takkoffer: ?
- 24. juli – 7. søndag i treeiningstida – Mark 5,25–34**
 Inga gudsteneste
- 31. juli – 8. søndag i treeiningstida – Mark 12,28–34**
 Inga gudsteneste
- 07. august – 9. søndag i treeiningstida – Luk 6,36–42**
 SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
 Takkoffer: ?
- 14. august – 10. søndag i treeiningstida – Mark 11,25–26**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Takkoffer: ?
- 21. august – 11. søndag i treeiningstida – Joh 8,31–36**
 SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Takkoffer: ?
- 28. august – 12. søndag i treeiningstida – Joh 4,27–30.39–43**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Takkoffer: ?
- 04. september – 13. søndag i treeiningstida – Joh 15,13–17**
 SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Takkoffer: ?
- 11. september – Vingardssøndagen – Matt 19,27–30**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Takkoffer: ?
- 18. september – 15. søndag i treeiningstida – Joh 15,9–12**
 SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Takkoffer: ?
- 25. september – 16. søndag i treeiningstida – Matt 11,16–19**
 KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/?.
 Haustakkefest. Takkoffer: ?

Gudstenestelista er diverre ikkje fullstendig denne gongen. Då Soknebladet gjekk i trykken var det mykje uklart når det galdt prestesituasjonen. Difor var kabalen med å få prestar til dei ulike gudstenestene ikkje ferdig Heller ikkje fordelinga av takkoffer var klar. Difor er det ein del ? i lista denne gongen. Vi mangla òg oversyn over dåp og nattverd. Det vanlege er likevel at det plar vere begge delar i dei vanlege gudstenestene.

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Vikarpresten Egil Reindal Dag R. Pettersen sluttar



Egil Reindal hadde si første gudsteneste i Sund kyrkje 24. april. (Foto: Olai Otterå)

Egil Reindal har vore vikarprest i Sund sidan 19. april og held fram til 19. juni. Han kjem opprinneleg frå Lyngen i Nord-Troms. Han begynte si presteteneste som skule-ungdomsprest i Skolelaget i Finnmark.

Egil Reindal har vore misjonær i Kamerun i 10 år der han også jobba med studentar og skuleungdom. Han har vore sokneprest i Sannidal i Bamle prosti, og saman med

kona si leia han eit senter i Ungdom i Oppdrag innanfor misjonæromsorg, bønearbeid og sjelesorg.

Sidan 2004 har han vore tilsett ved NLA Høgskolen i Sandviken, mest innan studentpresttenesta. Han gjekk av med pensjon i 2016. Sidan 2018 har han gjort litt teneste som vikarprest, m.a. her på Sotra.

Han bur på Askøy saman med familien sin.

Det blir nok ei endring i Sund sokn når det no er klart at også kyrkjelydspedagogen Dag Reidmar Pettersen sluttar i slutten av juni. Dermed legg han bak seg ein periode i Sund som starta hausten 2011.

- Eg har trivdest godt i arbeidet i kyrkjelyden her i Sund og har gjennom desse åra blitt knytt til staden og folka her, og sjølv sagt kollegaene, seier Dag og trekkjer særleg fram at ungdomane har kome hjarta hans svært nær.

Dette er kanskje ikkje så rart når veit at han i dei åra han har vore her, har arbeidd mykje med ungdomen. Ikkje berre i konfirmantopplæringa, men òg i Boost med samlingar for ungdom. I tillegg er det gjerne Dag som har vore ansvarleg for Påskevandringa for 5-åringane på Palmesøndag, eller LysVaken for 12-åringane på 1. søndag i advent. Det har òg ofte vore han som har delt ut bøker til 4-åringane.



Dag Reidmar Pettersen gir seg som kyrkjelydspedagog i Sund.

Men no har han og familien kome fram til at tida har kome for å gjera alvor av tankane dei har hatt om å flytta sørover, nærare der familien hans er. Så frå hausten av skal han vera ungdomspastor i Fredheim Arena i Sandnes, ei forsamling som er tilknytta Indremisjonsforbundet.

Olai Otterå

Tid for åndelig fordypning...

Framhald frå førre side

Det samme så vi også i Norge gjennom Haugevekkelsen på 1800 tallet. Det avfødte en fornyelse av kirken og ble også en tildriver for å starte opp flere misjonsselskap i vårt land. På sikt ble Norge en av de største senderlandene for misjonærer sett i forhold til folketallet. Men den epoken ser nå ut til å være over. Er det et åndelig forfallstegn?

I 1989 utga Forum for evangelisering en liten Bønnbok for Norge med forord av Kong Olav der han sier:

«Vi har en tusenårig kristen tradisjon i Norge. Kirken er den fremste bærer av denne tradisjon, og det er kirkens og de troendes oppgave å føre denne tradisjonen videre og bevare evangeliet som den bærende kraft i vår nasjon.

Det er derfor en glede å registrere de initiativ som nå settes i gang for å styrke bønnetjenesten i Norge, også utenfor gudstjenestens faste ramme. En styrket forbønntjeneste vil gi større åndskraft til å bære fram det kristne vitnesbyrd.

Det er mitt ønske at denne boken kan være et bidrag til å styrke en målrettet bønnebevegelse i Norge.»

I noen grad skjedde det vel en fornyet

bønneinnsats i Norge, men i langt mindre grad enn vi håpet på og trenger. Vi må på ny pusse støvet av kong Olavs ønske og be Gud skape en fornyelse hos sitt folk i Norge.

Det kan skje ved at vi som bærer på denne trangten begynner å søke mot den Treenige Gud ved:

Å prioritere daglig bibel-lesning og bønn.

Ved å søkefelleskap med andre som bærer på den samme nød og lengsel

Ved bruk av retreat over kortere eller lengre tid til fordypning av eget åndelig liv.

Gjennom samtaler og bønn sammen med en åndelig veileder for gjennom det å arbeide med eget trosnivå.

Vil vi være med på det?

Egil Reindal

Katrin overtar etter Dag

Katrin Fischer er tilsett i stillinga som Dag Reidmar Pettersen forlet no i juni. Når Katrin Fischer begynner er førebels ikkje avklart, men truleg blir det i september. Vi håpar å få nokre ord om eller med henne i neste nummer av Soknebladet.

Friluftsgudstenesta på Tyssøy

Det skal skje litt ekstra når det 12. juni blir friluftsgudsteneste på Tyssøy. Dagen har overskrifta «Vår dag» og skal ha fokus på frivillige og på skaparverket.

Ein ønskjer å få til ein «korgfest». Folk blir bedne om å ta med seg noko til kyrkjekaffien, som alle deler.

Etterpå skal vi gå tur saman på Tyssøy.

Ein søkjar til prestestillinga

Det har meldt seg ein søkjar til den ledige soknepreststillinga i Sund. Tilsetjinga vil skje på bispedømmerådet sitt møte 10. juni.

Konfirmasjon i Sund kyrkje

Søndag 1. mai var det to konfirmasjons-gudstenester i Sund kyrkje. Til saman 40 konfirantar vart konfirmerte i dei to gudstenestene.

Før gudstenesta står konfirmentane ute, klare til å marsjera inn i kyrkje og finna plassane sine på fremste benkerad. Kjell-Asle Børnes gir dei siste formanin-gar.

Inne i den fullsette kyrkja går guds-tenesta sin vante gang med salmesong, bønner og tekstlesing. Presten vender seg spesielt til konfirmentane i preika si. Songinnslag var det òg. Det var dotter til kyrkjelydspedagogen Dag R. Pettersen som stod for den. Isabell Pettersen song

fleire songar i to omgongar.

Først mot slutten av gudstenesta var tida komen då kvar konfirmantant i tur og orden måtte knela ved altarringen med Dag og Kjell-Asle stod der og bad for konfirmenten. Etterpå fekk kvar av konfirmentane ein kross hengt rundt halsen, og det vart tent eit lys i lysgloben for kvar av dei.

Etter gudstenesta marsjerte konfirmentane ut og stilte seg opp for gruppefotografering av slekt og vener.

Laurdagen og søndagen etter var det tre liknande konfirmasjonsgudstenester i Kausland kyrkje.



Olai Otterå

Konfirmentane fekk ein kross rundt halsen.



Bøn for konfirmenten.



Bøn for konfirmenten.



Isabell Pettersen syng. Faren Dag spelar bassgitar og Irina Tarasova sit ved flygelet.

Konfirmantgruppene i indre Sund



FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

SUND KYRKJE Søndag 1. mai kl. 11.00

Amalie Sofie Føleide
Johannessen
Andrine Sleire Vedå
Artihidthaya Supanyachot-
skul
Bjørnar Blikberg
Elias Nikolai Høyland
Kleppe
Jacob Martin Norvik
Jan Egil Berge
Joakim Hagenes
Jonas Grønli Forland
Jonas Rokkan
Kristian Forland Eidesund
Lasse Kilen
Marte Nesse
Martine Elisabeth Nordby
Nathalie Birkenes
Harkestad
Ole Boga Ekse
Ole Marius Ulvøen Forland
Sanne Gjaldbæk Bjørøy
Simone Spilde
Vilde Kausland Vabø



FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

SUND KYRKJE Søndag 1. mai kl. 13.00

Adrian Vorland Jakobsen
Celina Sangolt
Christer Rong Liland
Fredrik Fikse
Ingrid Sangolt Solsvik
Isabella Kvitle
Julia Ringheim Thuestad
Kim-Rikard Mjøs
Lukas T. Fyllingen
Marcus Sangolt
Marcus René Vatnedalen
Mikal Hammersland
Ole Alexander Diaz Aarset
Oliver Andreassen
Peder Lekven Bruvik
Pernille Kleppe Petterson
Sigurd Johannes Guddal
Sjur Gabriel Angeltveit
Stine Pedersen Ekren
Synne Ryland Erichsen

Konfirmantgruppene i ytre Sund

KAUSLAND KYRKJE Laurdag 7. mai kl. 11.00

Daniel Eide
Emil Evensen Trellevik
Håvard Lie Melkevik
Jacob Nekkøy
James Wilhelm
Steinsland Whitfield
Johanna Nordstrand
Marialinn Skage
Nicole Beck Tofteraa
Nils-Atle Høyland



FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

KAUSLAND KYRKJE Laurdag 7. mai kl. 13.00

Alfred Kausland Flatabø
Alva Sofie Kausland
Bertine Aspevik Sangolt
Brede Kvalvåg Larsen
Dorthea Glesnes Mæland
Elina Johanne Øvretveit
Bjørklund
Isabell Haugetun Telle
Leah Telle
Maria Baardsen
Mons Eirik Finnkirk
Nesse
Tomine Berentsen
Pedersen



FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT



KAUSLAND KYRKJE Søndag 8. mai kl. 11.00

Isabell Hitsøy-Forland
Marius Wiers
Markus André Vonli
Rasdal
Mathilde Espeseth
Noah Leander
Hammersland
Sannah Våge Middtveit
Simen Kausland
Thea Kallestad Iversen
Vilde Felicia Vatne

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT



Bjørn Sæle om Per Sivle

På det siste Føremiddagstreffet denne våren, siste onsdagen i mai, var Bjørn Sæle gjest. Han fortalte frå livet til Per Sivle.

Per Sivle var fødd i Flåm, men vaks opp på Stalheim på Voss. Mora til Sivle døydde alt då han berre var tre år gamal, så han hadde berre eit svakt minne om henne. Då ho døydde, hadde ho alt fødd 5 born, fleire tvillingar, men alle døydde.

Faren Eirik kunne ikkje ta seg av Per, så han vaks opp hos fosterforeldre frå han var 6 år. Per tenkte at det var hans skuld at mora døydde, og han tenkte på korleis det kunne vore viss ho hadde fått leva. «Når ei som ikkje er mora mi, kan vera så snill, korleis hadde det då vore å veksa opp med mor mi.»

Per var flink på skulen, og i 1872 reiste han til Sogndal for å gå på folkehøgskule. Etterpå reiste han til Jæren for å gå på planteskule, og i 1875 reiste han til Kristiania for å bli prest. Her trefte han både Anders Hovden, som blei prest, og Bernt Støylen, som blei biskop. Per Sivle lurte på om han skulle bli prest eller diktar. Og det var nok det siste han hadde

mest lyst til og som blei vegan hans vidare.

Sivle starta med å skriva på dansk, men «Den fyrste song eg høyra fekk» var den første han skreiv på norsk. Seinare begynte hans òg å skriva vossastubbar, og «Slumpelukko» er kanskje den mest kjende av desse. Men forteljinga «Berre ein hund» hadde mykje å seia for at Per Sivle vart kjend.

Per Sivle var mykje sjuk. Han hadde hatt kregda som ung, og sjukdomen gjekk på augo slik at han miste noko av synet, noko som plaga han. Elles var han ein streng pietist, og han var òg ein ivrig venstremann. Som redaktør i Drammen skreiv han nidvers mot dei rådande.

Han reiste til København nokre år, og her trefte han Wenche frå Bergen som han seinare gifte seg med. Men sjukdomen plaga han, og han fekk sprit mot sjukdomen, og sprit blei eit av problema hans. Han mislukkast ein gong i å ta livet sitt, men i 1904 lukkast han då han skaut seg sjølv. Då var han berre 47 år gammal.

Olai Otterå

Påskevandring

På Palmesøndag 10. april var det lagt opp til påskevandring i Kausland kyrkje. Det betyr ikkje at det blir så mykje fysisk vandring, men at ein i løpet av gudstenesta er innom alle dei viktige dagane i påska: Palmesøndag, Skjærtorsdag, Langfredag og Påskedag.

Palmesøndag vart markert ved at ein del av borna fekk utdelt palmegreiner og stilte seg opp på kvar side av midtgangen. Her stod dei då «Jesus» gjekk forbi dei i form av Dag.

Preika denne dagen var det Dag R. Pettersen som heldt. Han tok føre seg forteljinga om Barabbas som vart sett fri og Jesus dømt. Han viste lysbilete undervegs i forteljinga, og dei viste at vegen til Gud vart broten, men at krossen laga ein ny veg til Gud.

Etter preika var Stjerneketet og Betweenketet framme og song fleire fine songar.

Seinare fortalde presten litt om Skjærtorsdag, og «Jesus» vaska føtene til ein del av borna som kom fram til han. Så var det nattverd.

Etterpå fortalde Kjell-Asle om den lange fredagen. Lysa blei slått av for at det skulle bli mørkt slik det vart på langfredag. Ein kunne òg gå og leggja blommar ved krossen framme i kyrkja.

Når det så var klart for Påskedag, vart lysa tente att, og ved altaret kunne borna leggja egga som 5-åringane hadde malt før gudstenesta tok til.

Til slutt kunne Dag dela ut ei bok til 5-åringane og til andre som ville ha henne sidan han hadde så mange eksemplar.

Etterpå var det godt frammøte på kyrkjekaffien i Kyrkjelydshuset.

Olai Otterå



Born med palmegreiner hjelper Kjell-Asle i å markere Palmesøndag.




Dag deler ut ei bok til dei borna som ville ha.



Borna legg egga dei hadde laga før gudstenesta, i ei korg ved altarringen.



Stjerneketet/Betweenketet song.



«Jesus» vasker føtene.



Øygarden kyrkjebrass

Visste du at kirken i Øygarden har sitt eget brassband?

Annenhver torsdag møtes spilleglade musikanter i Fjell kirke til øving. Målet med spillingen er både et godt fellesskap rundt musikken og mulighet til å fylle ut det musikalske bildet i kirkene i Øygarden. Ved siste årsmøtet ble navnet på brassbandet endret fra «Fjell kyrkjebrass», som det ble stiftet som i 2007, til «Øygarden Kyrkjebrass». «Da signaliserer vi at vi er til for hele storkommunen», sier leder for kyrkjebrassen, Rune Lynglund.

Repertoaret er alt fra tradisjonelle salmer til svingende marsjer, og scenen er fra kirkegulv til Fjell festning der kyrkjebrassen har tradisjon for å spille til gudstjenesten 2. påskedag. Et av høydepunktene var

fellesgudstjenesten i forbindelse med kommunesammenslåingen i 2020, og med det må det vel sies at ingen scene er for liten og ingen for stor. Til vanlig er vi 10-12 musikanter, men tar gjerne inn nye musikanter som har lyst til å spille sammen med oss. «Nivået er ikke farlig høyt», sier Lynglund med et smil.

Om du kunne tenke deg å spille sammen med denne flotte gjengen annenhver torsdag i oddetallsuker fra kl. 19:45 til kl. 21:30 kan du ta kontakt med leder Rune Lynglund på tlf. 408 73 642 eller dirigent Olav Sørheim på tlf. 926 15 988.

Hein Kvalheim
YNGVILD MØRNER SØRHEIM (FOTO)



Ny drifstleiar

Vi ynskjer Tore Heggernes velkomen som leiar av seksjon for kyrkjer og gravplassar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Han tek over etter Norvald Snekkevik som går over i stilling som fagleiar på gravplassområdet.

Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er 44 år, gift med Mildred Fjøren Heggernes og har tre gutar i alderen 12, 17 og 19 år.

Kva fekk deg til å søkje på stillinga som seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar?

Å jobbe i kyrkja og i seksjonen for Kyrkje og gravplassar såg eg for meg ville vere ei meningsfylt oppgåve. Dei som jobbar i denne seksjonen møter menneske i glede og i sorg, og det å vere med å legge til rette for gode møtepunkt både på gravplassar og i kyrkja er viktig for meg i denne jobben.

Kva har du jobba med tidlegare?

Eg har ein veldig variert yrkesbakgrunn. Eg har fagbrev som kokk, tømrrar og i akvakultur. Eg har òg jobba eit år som barne- og ungdomsarbeidar i gamle Øygarden. Eg og familien min har og vore 4 år som misjonærar for NMS i Thailand.

Kva tankar gjer du deg om kyrkjebygg og gravplassar i Øygarden, er det noko du vil prioritere?

Akkurat no er det eit stort arbeid som skal gjerast i Fjell kyrkje. Der må taket utbetrast, og vi ønsker å få gjort fleire forbetringar i kyrkja. Denne prosessen er godt i gang. Det som er viktig for meg er at ein skal koma til ei kyrkje og ein gravplass som ser bra ut. Den årstida vi er i no med vigslar, gras som gror, i tillegg til gravferder og gudstenester, gjer at det er mykje arbeid på dei tilsette.

Etterkvart som eg får meir oversikt over behova i dei ulike kyrkjene og gravplassane, vil vi få laga ei prioritert liste og ta fatt på arbeidet.

Yngvild Mørner Sørheim



Trekninga av eitt av åresala er i gang.

Vårmarknaden

Fredag 22. april hadde ei nemnd greid å laga til ein ny vårmarknad i Kyrkjelydshuset på Kausland. Og sjølv og marknaden hadde kome i stand på forholdsvis kort tid, var det mange som møtte opp, og nemnda hadde fått tak i mange fine gevinstar.

I tillegg til trekning på loddbøker var det to åresal undervegs med mange gevinstar på kvart åresal. Og så var det som vanleg kafé der det vart selt både kaffi og gode kaker. I tillegg var det sal av bakervarer og ulike strikkevarer.

For dei unge var det laga til tombola.

Og det fine med det heile var at dei fekk inn heile 35.340 kr, og dette er pengar som skal gå til kyrkjelydsarbeidet.

Olai Otterå



Diverse strikkevarer til sal.



Diverse bakervarer var fleire interesserte i.



Mange av dei framtmøtte nytta seg av tilbodet i kaféen.

Torbjørn Fjøren: Det kristne fellesskapet

Korleis skal vi vera mot kvarandre? Dette var eit av spørsmåla som Torbjørn Fjøren, tidlegare diakon i Fjell, stilte då han besøkte Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren siste onsdagen i april. Temaet hans var «Det kristne fellesskapet».

Vi skal vera støttespelarar, men òg bera bærer for dei, meinte han. Vi kan ikkje gjera slik som Jesus gjorde, men livet og trua vår må henga saman. Fjøren meinte at vi må tala vel om kvarandre sjølv om vi ikkje har det nære fellesskapet. - Du kan be for dei som har såra deg eller som du synest er vanskeleg å vera saman med.

Å baktala nokon er ikkje med på å byggja opp, heller å riva ned. Ha dei heller på bønelista, så blir det vanskelegare å baktale.

Så er det slik, meinte Fjøren, at fellesskapet ikkje vert bygd opp viss vi trekkjer oss ut. Mange som er i kyrkja går heim med ein gong. Er det slik at

kyrkjevertane vågar å invitera nye folk til kyrkjekaffi? Og korleis er det å få med yngre? Det er viktig å be. Ein som ber er med på å byggja.

Mange er ikkje flinke til å be og dele Guds ord. Men det treng ikkje vera så avansert. Be konkret for ein annan. Det kan gjera godt for den ein ber for.

Vi skal prøva å finna vår plass. Mitt gode fellesskap er ein stad der eg kjenner meg trygg og kan bruka evnene mine. For kvar av oss har noko å bidra med. For å seia som Paulus: «For liksom lekamen er éin, endå han har mange lemer, og alle lemene er ein lekam, endå dei er mange, såleis er det med Kristus òg.» Vi er ulike lemer med ulike funksjonar, men alle delane av kroppen er like viktig. - Viss alle var prestar, kven tar seg då av omsorga? undrast Torbjørn Fjøren.

Olai Otterå



Mons Lønø – første misjonæren frå Fjell



Alvhild Vassel Eide fortalde om Mons Monsen Lønø.

Då Alvhill Vassel Eide besøkte Føremiddagstreffet i Kyrkjelydshuset på Kausland i mars, valde ho å snakka om Mons Monsen Lønø. Han skal vistnok ha vore den første misjonæren frå Fjell. Sjølv har Vassel Eide fleire år bak seg som misjonær i Kamerun.

Men Mons Lønø, som var fødd i 1866, var i mange år misjonær på Madagaskar.

Faren til Mons kom frå Telavåg og mora frå Tellnes. Dei budde på Lønøyna der det på det meste budde rundt 50 menneske. Bestemora hans fortalde ofte om misjonen, og Mons fann ut at han ville bli misjonær på Madagaskar.

Han hadde gode evner, så då han hadde gått 5 år på skulen meinte læraren at dei berre kunne ta han ut av skulen. - Han kan meir enn meg, sa han.

Etter ei tid i smedlære gjekk han 5 år på misjonsskule i Stavanger, den einaste i Europa som underviste om misjon. I 1892 vart han uteksaminert, og om hausten reiste han ut til Madagaskar.

Det varme klimaet der han kom tok på helsa hans. To år etter flytta han litt på seg og styrte eit trykkeri i Tananarive. Her blei det laga ABC-bøker, grammatikk på gassisk og salmebøker.

Heime i Noreg budde ei som han ville gifta seg med. Mons bad NMS om å senda henne ut slik at dei kunne gifta seg, og i 1894 gifta han seg med Marie. Dei fekk 7 barn.

I åra 1902-05 var dei heime i Noreg, og då reiste Mons rundt og fortalde om Madagaskar, m.a. på Syltøyna i 1904. Men i 1905 bar det ut igjen til Madagaskar, og derifrå kunne han fortelja om fleire døypte.



Mons Monsen Lønø var misjonær på Madagaskar.

I åra 1908-13 var han i Betafo. Han meinte det var viktig å få med kvinnene, og han fekk istand kvinnemøte, noko som var radikalt på den tida.

Etter nokre år heime reiste hans i 1916 ut til Madagaskar att, men denne gongen åleine. Dette blei hans siste tur, for han blei sjuk av malaria og døde i 1917, berre 51 år gammal. Han er gravlagt på Madagaskar ved sida av dottera Solveig. Kona døde i 1946.

Olai Otterå

Når Talsmannen kommer

Når Talsmannen kommer, han som jeg skal sende dere fra Far, sannhetens Ånd som går ut fra Far, da skal han vitne om meg. Men også dere skal vitne.
Joh. 15,26f

Vi går inn i pinsehøytiden. Kirkeårets farge er rødt; ildens og blodets farge. Den samme farge som vi bruker på martyrdagen, 2. juledag. En tilfeldighet?

Fargen forteller meg at Ånden og vitnesbyrdet om Jesus hører sammen. Og med det følger også motstand, ja til og med martyriets mulighet.

Det er snakk om Åndens gjerning i teksten vår.

Og det snakkes om hans gjerning i rammen av forfølgelse. Åndens gjerning i oss er faktisk med på å eksponere oss for ytre motstand fordi Kristus trer tydeligere fram i oss.

Rammen i teksten er at disiplens vitnesbyrd om Jesus skulle føre til at de ble kastet ut av synagogen, ble forfulgt, ja til og med drept fordi de holdt fast vitnesbyrdet om ham, var tro mot Jesus.

Dette skjedde fordi de jødiske ledere ikke hadde forstått hvem Jesus var og dermed heller ikke forstått Gud og hans plan. De kastet nærmest Gud ut av Guds hus og opplevde det som en gudstjeneste, en velgjerning for Gud.

Slik som de gjorde da den første martyr, Stefanus, ble steinet.

En tragisk situasjon. Men den er ikke enestående.

Kirken, på sin side, har opptrådt med samme patos, og vel så det, overfor jødene opp gjennom historien og nærmest

med samme forståelse av å gjøre Gud en tjeneste pint og plaget dette folket.

Det samme skjer idag når islamske ekstremister forfølger og dreper både kristne og annerledes tenkende i en del muslimske land. Også de ser dette som en gudstjeneste som

gir åndelig fortjeneste i himmelen.

Ja, til og med

innen kristenheten er slike forfølgelser i Guds navn velkjente både fra historien og i vår tid.

Vi skal også notere oss at forfølgelse for Jesu skyld er noe som forteller at en har å gjøre med autentisk kristentro, ifølge Jesus. Slik forfulgte de også profetene før dere, sier han til disiplene i Bergprekenen.

En må altså ikke regne med å

bli forstått i beste mening, å få komme til ordet slik en gjerne ønsket, en må regne med å bli baktalt og snakket vondt om, sier Jesus.

Men vi kalles på samme tid til å være vennlige.

La alle få merke at dere er vennlige, Herren er nær! Han kommer, han er underveis, sier Paulus.

I møte med en slik tekst blir det viktig å vite hvem vi er i følge med: Ham som ble ført til korset. Og så blir det viktig å være bærer av hans ånd og sinnelag, og la hans liv prege oss, alt mens vi reiser oss opp i verden med vitnesbyrdet om ham.

Og det er mer enn bare å si at: Jesus elsker deg!

Det stemmer, og det skal vi si. Men det er snakk om å være av sannheten slik han var det. Hver den som er av sannheten, hører min røst. Det handler om å ha fått del i Sannheten,

Andakten



**SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorggården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet VIRKE
GRAVFERD



**BERGEN
KRISTNE
BOKHANDEL**

Man-Fre: 10-17
Lør: 10-15

Øvre Korskirkealmenning 1, 5017 Bergen
bergenkristnebokhandel@gmail.com Tlf: 474 50 292

**Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97**

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Grønmyrvegen 22, 5353 Straume
(Bjørøygården)



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv






Knut Helge Polden

Espen Polden

Heine Polden

Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



slik Jesus åpenbarer den for oss. Og det handler om å våge å reise seg for den.

Men så: midt i denne situasjonen med forfølgelse og mistenkeliggjøring, så loves disiplene, dengang som i dag, hjelp fra himmelen.

Talsmannen kommer, sannhetens Ånd, han som vitner om Sannheten og leder til Sannheten.

I Johaneisk språkbruk er det å vitne om sannheten ikke noe kryptisk. Det er å vitne om Jesus, åpenbare ham og hans ord for våre hjerter så vi skjønner og forstår og gripes av de og går ut med vitnesbyrdet om ham. De som er av sannheten hører Jesu røst. Det er Åndens gjerning i våre liv. Han vil sørge for at Jesu eget ord og vitnesbyrd blir hørt, forstått og etterlevd.

At det også er snakk om en utrustning å søke og be om, det hører med, og den skal vi be om å få i stadig rikere mål. Men den har dypest sett ikke noe annet formål enn at Jesus skal bli stor for oss og at han blir den vi følger, bekjenner og representerer.

Vi går inn i pinsehøytiden.

Ånden og vitnesbyrdet hører sammen, og det bærer med seg at en vil møte motstand.

Men ønsker vi å ta Jesu ord til disiplene som et ord også til oss: også dere skal vitne! Ja, da skal vi få kjenne hva Ånden formår, også i våre liv, han som fremdeles skaper frimodige vitner av engstelige disipler.

Egil Reindal

Aksjon Godheit i Sund

Det viste seg å vera liten interesse for Aksjon Godheit i Sund. Det var 8. gong tiltaket vart skipa til i Fjell, men første gongen i Sund. I forkant av aksjonen var det ingen som hadde meldt noko interesse i Sund. Aksjonen gjekk føre seg 10.-12. mai.

Men ein gjeng på 8 personar bakte bollar og kjørte rundt i soknet med bolleposar. Både institusjonar og private vart besøkt, og gruppa blei godt mottatt.

På posane hadde dei festa ein lapp der det stod:

Aksjon godhet 2022

«Små ting gjort i kjærleik
kan endre verda»

Helsing frå
Soknerådet i Sund sokn

Dette var altså første gongen at Sund sokn var med på denne aksjonen. Dersom ein skal vera med neste år, så meiner fungerande leiar i Soknerådet, Bente Aase, at ein kanskje må reklamere litt i forkant av aksjonen, slik at vi får påmelde, både dei som treng ei hjelpande hand og dei som vil gje denne hjelpa.

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - SOLSTUDIO

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på: klokkeoppgåver, kyrkjevertoppgåver eller kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
455 16 360 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no

Kurs om tru i Fjell kyrkje

Komande haust inviterer vi til eit kurs om kristen tru i Fjell kyrkje.

Vi spør då:

Kva er trusinnhaldet i kristendommen, eigentleg? I løpet av seks kveldar vil vi stanse for nokre sentrale sider ved den kristne trua. Dette vil vere relevant både for den som har hatt trua lenge, for den som tvilar og den som ikkje veit kva ein kan tru.

Eit tema vi tek opp, er Gud som skapar og livgjevar. Står skapingsforteljingane i motsetning til naturvitenskapen?

To kurskveldar stansar vi ved Jesus og det som vert fortalt om han. Kvifor er han både elska og omstridd? Er Jesus både sant menneske og sann Gud? Kva gjer Jesus i Jerusalem? Kvifor måtte han lide og dø? Stod han verkeleg opp? Kva betyr det i tilfelle for oss?

På dei to siste samlingane, spør vi: Kva kan vi bety for skaparverket og kvarandre? Korleis halde fast på trua i kvardagen? Finst det ei usynleg kraftkjelde? Kva gjer Den Heilage Ande?

- Desse store spørsmåla kan vi ikkje svare utfyllande på ved korte samlingar i kyrkja. Men vi trur at vi gjennom dette kursopplegget kan lære meir og sjå enkeltspørsmål i ein større samanheng.

Kvar kveld får vi høyre ei innleiing, før samtale i grupper. Det er gratis å delta.

Du kan melde deg på til **Anne Kaldestad, ak452@kyrkja.no**

- Kom som du er, og bli med på ei trusopplæring for vaksne på **onsdagskveldar i Fjell kyrkje kl. 19.30 - 21.30!**

Datoar:

14. og 28. september, 5. oktober, 2., 9. og 28. november.

Føremiddagstreffa

Til hausten går vi i gang med fleire Føremiddagstreffa på den siste onsdagen i månaden. Treffa skiftar mellom **Kyrkjekjellaren i Klokkearvik** og **Kyrkjelydshuset på Kausland**, og dei tek til kl. 11.30. Til kvart treff blir det med ein gjest som snakkar om eit emne. Men før vedkomande slepp til vert det ein felles lunsj.

Følg elles med på kunngjeringsar og i VestNytt.

31. august - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Erling Kopperud

Emne: Ikkje avklart

28. september - Kyrkjelydshuset kl. 11.30

Gjest: Egil Reindal

Emne: Erfaringar frå tida som misjonær

26. oktober - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Annlaug Børve (kyrkjeverja)


Emne: Person frå Bibelen

30. november - Kyrkjelydshuset kl. 11.30

Gjest: Jan Tommy Fosse (prosten)

Emne: Advent

Alle er velkomne!



Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Kvile 17A
5379 Steinsland
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

27.03 Kausland kyrkje

Henrik Raa Kokøy

03.04 Sund kyrkje

Silvia Trellevik

10.04 Kausland kyrkje

Leona Lauten

Bertine Aspevik-Sangolt

18.04 Kausland kyrkje

Tristan Steinsland

Henrik Hagenes

22.05 Kausland kyrkje

Ane Levie Ødegaard

29.05 Sund kyrkje

Henry Rokstad Haugs

Gravlagde

31.03 Sund kyrkje

Ingrid Petrine Engeseth, f. 1931

07.04 Sund kyrkje

Laila Dagmar Østervold Ekren,
f. 1950

12.04 Sund kyrkje

Inger Olaug Selstø, f. 1935

19.04 Sund kyrkje

Signe Ekren, f. 1948

22.04 Kausland kyrkje

Sigmund Ingjald Øvretveit, f. 1938

26.04 Sund kyrkje

Anita Marianne Jacobsen Bakke,
f. 1943

24.05 Sund kyrkje

Rigmor Hansen, f. 1936 (bisetjing)

Aktivitetar for dei unge

Datoane for dei ulike aktivitetane for barn og unge var ikkje klare då Soknebladet gjekk i trykken. Men viss du går inn på Sund sokn sine nettsider på kyrkja.no/oygarden, så vil datoane kome der etter kvart. Du kan òg gå inn på Facebook-sidene.

Vigde

05.03 Sund kyrkje

Rebecca Stene og Sondre Jordalen

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

Samtale og sjelesorg

Presten er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffstad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Egil Reindal 477 03 474

Vikar til 19. juni

E-post: egilreindal@yahoo.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust
soknerådsleiar (permisjon til oktober)

Bente Aase 481 20 118

fung. soknerådsleiar

E-post: bente.aase@hotmail.com

Givarteneste Sund kyrkjelyd

Barne- og familiarbeidet Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156
Merk kva formål gáva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@outlook.com

Trykk:


Molvik Grafisk AS

Levering:

Hammer Transport

Opplag: 3.300





Returadresse:
Sund Sokneblad,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding
til dåp gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Ketil Jensen vert ny forlagssjef i Lunde

Ketil Jensen vert ny sjef for Lunde Forlag, melder Misjonsambandet på nettsida si.

Jensen tek over etter Tom Teien som vart forlagssjef i 2014, men i februar vart tilsett som ny regionleiar for Misjonssambandet aust.

Ketil Jensen kjem frå stillinga som rektor ved Noregs største bibelskule, Bibelskolen i Grimstad, der han berre har vore øvste leiar i eit år.

Jensen byrjar i stillinga som forlagssjef 1. august 2022, og Teien trer av den same månaden.

Jensen er utdanna teolog og har mastergrad i organisasjon og leing. Han har tidlegare også vore rektor på Fjellhaug bibelskule og Fjellhaug Internasjonale Høgskole som er eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband. (KPK)

En ferie
å glede
seg til



Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig

VIPPS en gave til 13130 (merket FERIE)
eller gi på konto 3201 52 74165

 Blå Kors

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 28. september

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 14. september